

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL**MØTEINNKALLING**

Dato: onsdag 15. februar 2023
Tid: kl. 15.00
Stad: Vindafjord rådhus, Ølen

Forfall melder du til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 977
eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemer innkalla særskilt. Medlemer som meiner seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off.l.*, blir berre sende til medlemer/varamedlemer.

SAKLISTE:

01/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 23.11.22

02/23 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Plan- og byggjesak»

03/23 Årsmelding for kontrollutvalet 2022

04/23 Referat- og orienteringssaker 15.02.23

Ymse

Ølen/Aksdal, 08.02.23

Anne Tone Salte Andersen
Kontrollutvalsleiar

Sjur Hatlen
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Kommunedirektør (til orientering)
Varamedlemer (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	15.02.23	01/23

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Sjur Hatlen	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 23.11.22

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Vindafjord kontrollutval 23.11.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Saksvedlegg: Protokoll frå møtet 23.11.22

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 23.11.22 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje komme merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 08.02.23

Sjur Hatlen
Rådgjevar/utvalssekretær

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL**PROTOKOLL**

Onsdag **23. november 2022** blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiding av utvalsleiar Anne Tone Salte Andersen.

MØTESTAD:	Vindafjord rådhus, formannskapssalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	Kl. 15.00 – kl. 17.00
MØTANDE MEDLEMER:	Eivind Hetland (Krf), Knut Severin Berge (Frp), Anne Tone Salte Andersen (H) og Olaug Mari Øen (Sp)
MØTANDE VARAMEDLEMER:	1. vara Øyvind Oland (H)
FORFALL:	Kjell Ove Leite (H)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Utvalssekretær/rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgsssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON IKS:	Leiar forvaltningsrevisjon Silje Nygård
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunedirektør Yngve Folven Bergesen
ANDRE SOM MØTTE:	Styreleiar Siv Bente Stople Østbø frå Ølen Næringspark AS i sak 29
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**SAK 28/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 07.09.22****Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 07.09.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 23.11.22:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.11.22:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 07.09.22 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 29/22 ØLEN NÆRINGSPARK AS – ORIENTERING OM SELSKAPET

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval tek gjennomgangen frå styreleiar Siv Bente Stople Østbø frå Ølen Næringspark AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 23.11.22:

Styreleiar Siv Bente Stople Østbø orienterte og viste ein presentasjon. Vindafjord kommune eig 49 % av selskapet saman med fleire private selskap. Føremålet med selskapet var utvikling av næringsområde. Selskapet hadde no utvikla og vidaresele eit næringsområde i Ølen, og skulle etter planen avviklast når oppdraget var ferdig.

Styreleiaren meinte dette hadde vore ei suksesshistorie, og forventa eit overskot på rundt tri millionar kr. når prosjektet var endeleg avslutta. Ho meinte det var viktig at kommunen deltok aktivt med å tilby aktuelle næringsstomter.

Styreleiar Østbø orienterte også om endringar i Haugaland kontrollutvalssekretariat IKS, der ho er styreleiar. Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie var etter ein grundig tilsettingsprosess tilsett som ny dagleg leiar frå januar 2023. Noverande dagleg leiar skal gå av med pensjon. Sjur Hatlen frå Sauda var tilsett som ny rådgjevar. Han vil byrja i stillinga medio januar.

Leiar takk for interessante og lærerike orienteringar.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.11.22:

Vindafjord kontrollutval tek gjennomgangen frå styreleiar Siv Bente Stople Østbø frå Ølen Næringspark AS til orientering.

SAK 30/22 REVISJONSRAPPORT – «DIGITALISERING OG IKT»

Sekretariatet si innstilling:

1. Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon sin rapport om «Digitalisering og IKT» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 8 tilrådingar.
3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 23.11.22:

Forvaltningsrevisor Silje Nygård gjorde greie for rapporten og viste ein presentasjon. Ho gjorde greie for føremål, problemstillingar og metode. Revisor gjorde vidare greie for hovudfunna i rapporten og kommunedirektøren sine kommentarar.

Revisor hadde i samandraget formulert følgjande hovudbodskap:

Revisjonen har inntrykk av at kommunen i det vesentlege etterlev relevante lovkrav og at rutinar og praksis for å ta imot og svara på førespurnader hovudsakleg fungerer på ein god måte.

Det blei i gjennomgangen avdekket nokon manglar, og revisjonen har på bakgrunn av dette kome med nokre anbefalingar for å betre kommunens praksis med å ta imot og svara på førespurnader.

Revisjonen meinte kommunen hadde fleire område innan dette feltet som kunne forbetrast og hadde formulert åtte tilrådingar.

Medlemmene, forvaltningsrevisor og kommunedirektør drøfta rapporten og fekk svar på spørsmål.

Utvalet ønskte at kommunedirektøren kom med si tilbakemelding innan seks månader, slik at utvalet får tilbakemelding om oppfølging før valet til hausten.

Leiar takka revisor for presentasjonen og ein nyttig rapport.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.11.22 og innstilling til kommunestyret:

- 1. Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon sin rapport om «Digitalisering og IKT» og tek denne til orientering.*
- 2. Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 8 tilrådingar.*
- 3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 31/22 2. GONG OPPFØLGING AV RAPPORT – «IKT OG INFORMASJONSTRYGGLEIK»

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kommunestyre tek kommunedirektøren si tilbakemelding på revisjonsrapporten om «IKT og informasjonstryggleik til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 23.11.22:

Leiar innleia og kommenterte nokre av tilrådingane. Kommunedirektøren viste til den skriftlege tilbakemeldinga og utdjupa svara. Han forklarte at administrasjonen har stort fokus på informasjonstryggleik og jobbar kontinuerleg med opplæring av tilsette, inkludert nytilsette.

Utvalet var nøgd med tilbakemeldinga og hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.11.22 og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre tek kommunedirektøren si tilbakemelding på revisjonsrapporten om «IKT og informasjonstryggleik til orientering.

SAK 32/22 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på revisjonsprosjektettil neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 23.11.22:

Leiar fremma at utvalet skulle velje prosjektet om «Plan- og byggesak», som var prioritet på femte plass i plan for forvaltningsrevisjon. Medlemmene stetta leiar sitt framlegg. Innspelet om Vikedal båthamn/Bubilcamping (sjå sak 34/22) var ein medverkande årsak til å velje dette prosjektet no. Forvaltningsrevisor noterte seg innspel frå medlemmene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.11.22:

Vindafjord kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på revisjonsprosjektet «Plan- og byggesak» til neste møte.

SAK 33/22 FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2023

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2023:

onsdag: 15.02, 24.05, 13.09, og 22.11 – kl. 15.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 23.11.22:

Utvalet slutta seg til framlegget utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.11.22:

Vindafjord kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2023:

onsdag: 15.02, 24.05, 13.09, og 22.11 – kl. 15.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

SAK 34/22 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 23.11.22

45. Statusrapport pr. november 2022

46. Kst-vedtak 20.09.22, sak 43/22 – oppfølging av revisjonsrapport «Internkontroll....»

47. Kst-vedtak 25.10.22, sak 53/22 – val av nytt kontrollutval for perioden 2019-2023

48. Innkalling til ekstr.ord. generalforsamling 26.10.22 – Haugaland Kraft AS

49. Innkalling til representantskapsmøte 23.11.22 – Haugaland brann og redning IKS

50. Innkalling til representantskapsmøte 30.11.22 - HIM IKS

51. Innkalling til representantskapsmøte 09.12.22 – Haugaland Vekst IKS

52. Invitasjon til NKRF sin kontrollutvalgskonferanse 1. – 2. februar – sjå www.nkrf.no

53. «Fjernmøte må være fastsatt i reglementet» - Bernt svarer, Kommunal Rapport 03.10.22

54. E-post frå Stig Hetland 16.11.22 vedk. «Etablert ulovlig bobilcamping i kystsonen, på kommunens friareal i Vikedal båthavn»

Handsaming i kontrollutvalet 23.11.22:

Leiar gjorde greie for referatsakene. Ho oppmoda medlemmene til å reise på NKRF sin konferanse på nyåret. Leiar vil samordna påmeldinga.

Pkt. 54 – Bubilcamping i Vikedal båthamn

Leiar opplyste at ho hadde fått fleire e-postar med mykje informasjon frå Stig Hetland om etablering av bubilcamping i Vikedal båthamn. Ho gjorde greie for innhaldet i saka, og viste til at utvalet handsama eit innspel om same sak i møtet 04.05.22, sak 10/22.

Kommunedirektøren orienterte om status for saka. Han opplyste at det skulle utarbeidast ny reguleringsplan i 2023, og at alle partar vil då få moglegheit til å kome med sine synspunkt. Han opplyste vidare at administrasjonen jobbar med å gjennomgå sine rutinar for journalføring og postlister. Nokre dokument har fått feil arkivnøkkel på grunn av at dei blei tolka til å innehalde personsensitiv informasjon. Dette kom også fram i forvaltningsrevisjonsrapporten om «Digitalisering og IKT», sak 30/22.

Medlemmene drøfta innspelet og meinte saka ikkje var innanfor utvalet sitt mandat. Utvalet vil oppmoda Hetland om å sende sine konkrete spørsmål direkte til kommuneadministrasjonen.

Utvalet ønskte at sekretariatet sender brev til Hetland og orienterer om handsaminga i utvalet.

Utvalet hadde elles ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.11.22:

Referatsaker 45 – 53 blir tatt til orientering.

Vindafjord kontrollutval tek innspelet frå Stig Hetland om ulovleg bubilcamping i Vikedal til orientering. Utvalet går ikkje vidare med denne saka no.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: onsdag 15.02.23, kl. 15.00

Saker: tinging av nytt revisjonsprosjekt «Plan- og byggesak» og kontrollutvalet si årsmelding for 2022.

Ølen/Aksdal, 23.11.22

Anne Tone Salte Andersen
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	15.02.23	02/23

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Sjur Hatlen	216	

TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – «PLAN- OG BYGGJESAK»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Plan- og byggjesak» i samsvar med prosjektmandat dagsett 30.01.22 (med dei endringane som kjem fram i møtet).

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 250 timar.

Saksvedlegg: «Plan- og byggjesak» – prosjektmandat frå Rogaland Revisjon IKS, januar 2023

Saksorientering:

Ifølgje forskrift om kontrollutval og revisjon skal kommunen bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar.

Utvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 23.11.22, i sak 32/22:

Vindafjord kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på revisjonsprosjektet «Plan –og byggjesak» til neste møte.

Rogaland Revisjon IKS har med bakgrunn i dette vedtaket utarbeidd eit prosjektmandat som er vedlagt saka.

Revisjonen har skissert følgjande føremål:

Formålet med forvaltningsrevisjonen er å vurdere plan- og byggjesakarbeidet i kommunen.

Revisor har utarbeidd følgjande problemstillingar:

- *I kva grad vert dei lovmessige tidsfristane for plan- og byggjesaker overhalde?*
 - *Har kommunen hatt gebyrtap på grunn av lang tid på sakshandsaminga?*
- *Har kommunen tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å behandle plan- og byggjesaker?*

- *Korleis handterast tilsyn i byggjesaker?*
- *Korleis sikrar kommunen at brukarane får tilstrekkeleg med informasjon om handsaminga av plan- og byggjesaker (til dømes med omsyn til rettleiing og oppfølging)?*
- *I kva grad er brukarane nøgde med handsaminga av plan- og byggjesaker?*

Ressursbruk

Prosjektet er kostnadsrekna til eit arbeidsforbruk på 250 timar. Det inkluderer utarbeiding av prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport.

Budsjettet for forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar er på 250 timar i 2023.

Kontrollutvalet må ved tinging vurdere om dei føreslåtte problemstillingane dekkjer det utvalet ønsker å oppnå med prosjektet. Utvalet kan komme med eigne innspel eller presiseringar i møtet.

Aksdal, 08.02.23

Sjur Hatlen
Rådgjevar/utvalssekretær

PROSJEKTMANDAT

Plan- og byggjesak

Vindafjord kommune, 2023

BAKGRUNN

Formålet med prosjektet er å kartlegge og vurdere korleis Vindafjord kommune sikrar at sakshandsaminga på plan- og byggjesak er i tråd med lovmessige krav. Plan- og byggjesak er eit kommunalt tenestoområde som får mykje merksemd frå omgivnadene då sakane kan ha stor betydning for kvardagen til folk. Det er avgjerande at sakshandsaminga blir tilstrekkeleg dokumentert slik at den kan etterprøvast og bidra til at kommunen sikrar den allmenne forventninga til likebehandling.

I budsjett- og økonomiplan 2023–2026 skriv kommunen at det har vært utfordringar med lang sakshandsamingstid og å gje gode nok tilbagemeldingar på førespurnadar. Byggjesak må handtere mange saker som skal handsamast etter omfattande regelverk og innanfor fastsette fristar. Eininga skal også føra tilsyn og avdekke regelbrot etter kommunen sin «Strategiplan for tilsyn og oppfølging av ulovlegheiter etter plan- og bygningslova».

Det er plan- og bygningslova § 21-7 som regulerer alle tidsfristar som plan- og bygningsstyresmaktene er bunde av. Det kjem fram av første ledd at kommunen skal avgjera byggjesaker innan 12 veker, med mindre anna følgjar av andre eller tredje ledd. Etter andre ledd har kommunen ein frist på 3 veker til å behandla søknad om løyve til tiltak dersom visse vilkår er oppfylte. Me får opplyst at planarbeidet er prega av mange komplekse saker som skal handsamast etter omfattande regelverk og innanfor fastsette fristar. Kommunen har som mål å handsame private planforslag innan 12 veker etter at forslaget har kome inn (i samsvar med lovverket). Dersom fristen ikkje blir overhalden, taper kommunen 25 prosent av gebyret pr. veke som går over fristen

I Kommunebarometeret 2022 kom det fram at kommunen braut fristane i 30 prosent av sakene i 2021. KOSTRA-tal viser at det blei behandla 231 byggjesaker i 2021, mot 201 og 191 byggjesaker i 2020 og 2019. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for byggjesaker med tre vekers frist var 27 dagar i 2021 – ned frå 28 og 38 dagar i 2020 og 2019. I budsjett- og økonomiplanen skriv kommunen at den i løpet av dei siste åra har greidd å halda sakshandsaminga innanfor fristane, med få unntak, og at det er ved oppseiing eller ved langtidsfråvær tidsfristar ikkje blir overhaldne.

Tabell 1. Plan- og byggjesaksbehandling i Vindafjord kommune¹

Nøkkeltal 2021	Vindafjord	Kostragruppe 01	Rogaland
Kommunens gjennomsnittlige sakshandsamingstid fra mottatt komplett planforslag til endelig vedtak (dager)	146	129	148
Behandlede byggesøknader med 12 ukers frist (antall)	124	2504	3147
Behandlede byggesøknader med 3 ukers frist (antall)	110	3212	2303
Kommunens gjennomsnittlige sakshandsamingstid for byggesøknader med 12 ukers frist (dager)	88	47	47
Kommunens gjennomsnittlige sakshandsamingstid for byggesøknader med 3 ukers frist (dager)	27	22	18
Andel av innvilgede byggesøknader som medførte vedtak om dispensasjon fra plan (prosent)	10,3	23,8	26,6
Klager på resultat av byggesakshandsamingen, behandlet av kommunen (antall)	3	153	381
Tiltak hvor det ble utført ett eller flere tilsyn (antall)	20	374	600

KOSTRA-tal frå 2021 (tabell 1) viser at kommunen bruker lang tid på sakshandsaminga samanlikna med andre kommunar. I saker med 12 vekers frist, brukte Vindafjord i gjennomsnitt 88 dagar på sakshandsaminga i forhold til 47 dagar i dei andre kommunane. I saker med 3 vekers frist, brukte Vindafjord i gjennomsnitt 27 dagar på sakshandsaminga i forhold til 22 (same kostragruppe) og 18 dagar (gjennomsnitt for kommunane i Rogaland).

I Vindafjord si årsmelding for 2019 vart det peikt på at det er vanskeleg å gi ei prognose for inntektsnivået i plan- og byggjesaker som følgje av at det er uvissheit knytt til aktivitetsnivå og tal på saker som kjem inn. I budsjett og økonomiplan 2020-2023 blir det vist til at det har vore arbeid med å gjere kart, plan- og byggesak til sjølvkostområde, men at det er vanskeleg å kalkulere riktig gjennomsnittleg kostnad per sak. Sakshandsaminga har tidlegare vore delvis subsidiert av kommunen.

Etter plan- og bygningslova kapittel 11 skal alle kommunar ha ein samla kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel. I budsjett- og økonomiplan 2023–2026 skriv kommunen at sidan den ikkje har eigen kommuneplanleggjar, blir planavdelinga tett involvert både i arbeid med samfunnsdelen og arealdelen. Etter plan- og bygningslova § 10-1 skal kommunestyret minst éin gong i løpet av kvar valperiode, i samband med utarbeiding av kommunal planstrategi, vurdere om kommuneplanen skal reviderast eller endrast.

I økonomiplanen skriv kommunen at det er viktig å revidere kommuneplanen i kvar kommunestyreperiode, i tillegg til å ta tak i større kommunale planer som «kan løfte våre tettstadar inn i framtida». Ifølge økonomiplanen har det ikkje våre mogleg å få til denne framdrifta med dagens ressursar. I budsjettforslaget for 2022 var det lagt inn forslag om ein plan- og klimastilling som ikkje blei vedteken. I 2022 er arbeidet med kommuneplanen blitt vesentleg forseinka. Hausten 2022 er det inngått rammeavtale med plankonsulent for å ta unna private planar for å kunne sette av tid til kommuneplanen.

¹ [KOSTRA Plan- og byggesaksbehandling Vindafjord - SSB](#)

<u>Bestilling:</u> Kontrollutvalet i Vindafjord kommune bestilte 23.11.2022 ein forvaltningsrevisjon om plan- og byggjesak.	<u>Problemstillingar:</u> • I kva grad vert dei lovmessige tidsfristane for plan- og byggjesaker overhalde? ○ Har kommunen hatt gebyrtap på grunn av for lang tid på sakshandsaminga?
<u>Formål:</u> Formålet med forvaltningsrevisjonen er å vurdere plan- og byggjesakarbeidet i kommunen.	• Har kommunen tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å behandle plan- og byggjesaker? • Korleis handterast tilsyn i byggjesaker? • Korleis sikrar kommunen at brukarane får tilstrekkeleg med informasjon om handsaminga av plan- og byggjesaker (til dømes med omsyn til rettleiing og oppfølging)? • I kva grad er brukarane nøgde med handsaminga av plan- og byggjesaker?

Om datamaterialet tilseier det, kan revisor foreta mindre justeringar av problemstillingane undervegs. Større endringar i problemstillingane må avklarast med kontrollutvalet.

REVISJONSKRITERIER

Revisjonskriterier er element som inneheld krav eller forventningar, og vil bli brukt til å vurdere funn i dei undersøkingar som blir gjennomført. Kriteriene skal vera grunna i, eller utarbeida av, autoritative kjelder innanfor det reviderte området. I dette prosjektet ligg følgande kjelder til grunn for utvikling av revisjonskriterier:

- Plan- og bygningslova
- Forvaltningslova
- Kommunelova
- Kommunale planar og andre relevante styringsdokument

METODE

Tilnærminga vil basera seg på ein gjennomgang av relevante lover og forskrifter, KOSTRA-tal i tillegg til rutinar, planar og relevante dokument frå kommunen. Tilsyn og andre

statistiske data vil bidra til å belyse problemstillingane, og vil og tas med som vurderingsgrunnlag.

Det vil bli laga ei generell oversikt over kor mange plan- og byggjesaker som har vore til handsaming i kommunen dei siste åra og sjå utviklinga over tid. Me vil i tillegg sjå på eit utval av sakene for å vurdere forhold ved korleis dei har vorte behandla, og korleis dei har vorte følgt opp. Som eit ledd i dette vil me vurdere å kartleggja brukaranes erfaringar med sakshandsaminga gjennom ei spørjeundersøking.

Det vil bli gjennomført intervju med nøkkelpersonar i kommunen. Det kan og bli aktuelt å intervju innbyggjarar eller private utbyggjarar som har hatt saker til handsaming i kommunen og/eller gjennomføre ein spørjeundersøking.

Eit meir detaljert metodisk design vil bli utarbeidd i samband med oppstart av prosjektet. I samband med dette vil det etter behov bli gjorde nødvendige avklaringar med administrasjonen.

FRAMDRIFTSPLAN

- *Førebuing og oppstart* – våren 2023
- *Levering* – november 2023

Framdriftsplanen forutsett et tett samarbeid med kommunen og andre relevante aktørar.

PROSJEKTTEAM

Prosjektleder: Martin Schanche-Olsen, forvaltningsrevisor
Kvalitetssikrar: Svein Kvalvåg, senior forvaltningsrevisor

Prosjektet vil bli gjennomført under leiing av oppdragsansvarleg og leiar for forvaltningsrevisjon Silje Nygård.

Ved behov kan også andre ressursar i Rogaland Revisjon bli brukt.

OMFANG

Tidsanslag til prosjektplanlegging, kartlegging, analysar og rapportering er 250 timar.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	15.02.23	03/23
Kommunestyret	28.03.23	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Sjur Hatlen	033	

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2022

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2022 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

Innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre tek årsmeldinga for 2022 frå kontrollutvalet til orientering.

Saksvedlegg: Framlegg til årsmelding 2022

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 23-5 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2022 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2022 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering .

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

Aksdal, 08.02.23

Sjur Hatlen
Rådgjevar/utvalssekretær

KONTROLLUTVALET I VINDAFJORD



ÅRSMELDING
2022

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp drøfta, og handsama i 2022.

I følgje kommunelova § 23 - 5 skal "***kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret***".

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (eigarskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og i eiga forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette. Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret fyrste gong i 2012 og det blei revidert i 2020 som følgje av ny kommunelov.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem/varamedlem i andre utval, som har avgjerdsrett, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommunen har eigarinteresser.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

For valperioden 2019-2023 har kommunestyret vald følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar	Kristian H. Ressel (BBL)
Leiar	Anne T. S. Andersen (H)
Medlem	Knut S. Berge (Frp)
Medlem	Eivind Hetland (Krf)
Medlem	Olaug Mari Øen (Sp)
Medlem	Kjell Over Leite (H) frå 25.10.22

Varamedlemmer

1. Øyvind Oland (H)
2. Inga E. Steinsland (Sp)
3. Gunnstein Koch (Krf)
4. Sverre Hustveit (Frp)
5. Linn Gjerde (BBL)

Leiar Kristian H. Ressel flytta frå kommunen på sommaren 2022. Kommunestyret valde nytt kontrollutval i møtet 25.10.22 med Anne Tone Salte Andersen som leiar. Kjell Ove Leite blei nytt medlem, og han er utvalet sin kommunestyrerepresentant. Utvalsleiar har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama. Ho kan også overlata denne retten til andre medlem i utvalet.

Ordføreren har møte- og talerett i utvalet. Ordføreren har vore til stades på to av fem møte i 2022. Kommunedirektøren har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Kommunedirektøren eller andre frå administrasjonen har vore til stades på tri av møta.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. Sakspapira og protokollar blir lagt ut på sekretariatet sine sider.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2022

Kontrollutvalet har i 2022 hatt **5** møter fordelt på tre møte første halvår og to møter andre halvår. Utvalet held møta på rådhuset. Kontrollutvalet har opne møte, men dei skal og kan lukke når det er heimla i lov.

Utvalet har hatt **34** saker til handsaming, kor **5** av sakene blei vidaresendt til handsaming i kommunestyret. 54 saker har blitt lagt fram til orientering. Samla oversyn over saker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

Anne Tone Salte Andersen deltok på fagkonferansen til Forum for kontroll og tilsyn (FKT) på Kløfta i juni .

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalets oppgåve er å drive systemkontroll. Her under ligg å sjå til at kommunen etterlever gjeldande lover og regler, når dei mål kommunestyret har sett og forvaltar ressursane på ein effektiv måte.

For å nå dette målet har kontrollutvalet innsyn i forvaltninga sine dokumenter og kan be om samtaler med rådmannen/administrativ leiing for kontroll med administrasjonen. Kontroll med det politiske nivået gjennomførast ved tilgang til alle politiske møte. Kontrollutvalet har også møterett om dørene er lukka – så sant det gjeld ein sak som gjeld kontroll og tilsyn.

Oppgåvene er knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føreseigner, god kommunal rekneskapsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 04.05.22, sak 12/22 kommunen sin årsrekneskap for 2021 til handsaming.

Totalt sett blei rekneskapen gjort opp med eit positivt netto driftsresultat på kr 42,6 mill.kr, som utgjer 5,0 % av driftsinntektene. Resultatet var høgare enn Teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75 %.

Kontrollutvalet hadde inga merknader til rekneskapet. Revisor hadde levert rein revisjonsmelding.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Kommunestyret skal vedta planen. Vindafjord kommune sin plan for 2020-2024 blei vedteken av kommunestyret i møte 27.10.20, sak 63/20.

Rapport om «Digitalisering og IKT» blei lagt fram for kontrollutvalet i november og vil bli handsama av kommunestyret på nyåret 2023. Revisor hadde peika på fleire forbettringspunkt, som var sett opp i åtte tilrådingar. Frist for tilbakemelding om oppfølging blei sett til ni månader. Tilbakemelding er venta hausten 2023.

Oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet om «Internkontroll i barnehage og skule» blei lagt fram for kontrollutvalet i september og kommunestyret 20.09.22. Kommunestyret tok kommunedirektøren si tilbakemelding til orientering.

I mai handsama utvalet 2. gongs oppfølging av rapporten om «Økonomistyring innan helse og omsorg». Kommunestyret handsama oppfølginga i møtet 21.06.22.

I november handsama utvalet 2. gongs oppfølging av rapporten om «IKT og informasjonstryggleik». Rapporten blei utarbeida i 2018. Kommunestyret handsama oppfølginga i møtet 13.12.22.

Kontrollutvalet valde i novembermøtet «Plan og byggjesak» som nytt prosjekt for levering i 2023.

4.3 EIGARSKAPSKONTROLL

Kontrollutvalet er også pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Planen for 2022-2024 og retningslinjene for selskapskontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 27.10.20. I følgje planen er prioriteringslista følgjande:

1. *Vindafjord tomteselskap AS*
2. *Krisesenter Vest IKS*
3. *Arbeidsmarknadsbedrifter (Øyane ASVO, Haugaland industri, Opero)*
4. *Haugaland brann og redning IKS*

Det blei ikkje gjennomført eigarskapskontrollar i 2022.

4.4 REVISOR OG REVISJONEN SITT ARBEID

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

Rogaland Revisjon IKS overtok som revisor frå 01.07.21. Samarbeidsavtalen om eigarskap i det interkommunale revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS blei godkjent av kommunestyret i møtet 22.06.21.

Rogaland Revisjon IKS har, i tillegg til eigenerklæring, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimrevisjonsarbeidet og lagt fram planar og risiko- og vesentlegvurderingar.

4.5 ETTERLEVINGSKONTROLL

Kontrollutvalet skal mellom anna *«påseat det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak....»*. Revisor er derfor pålagt å gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet seinast 30. juni. Dette blir kalla «forenkla etterlevingskontroll».

Rogaland Revisjon IKS kom med si uttale for rekneskapsåret 2021 samstundes med godkjenning av årsrekneskapen. Revisor hadde undersøkt etterleving av Lov om offentlege anskaffingar.

Revisor hadde nokre merknader og utvalet vedtok å be om ei tilbakemelding frå administrasjonen innan 20.08.22.

Utvalet var nøgd med tilbakemeldinga frå administrasjonen som vart handsama i møtet 07.09.22.

4.6 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga er gjennomført ved at utvalet har fått orientering frå kommunedirektøren om spørsmål og saker utvalet har spurt om.

Utvalet vedtok ein plan for orienteringar frå administrasjonen i juni 2020. Planen har seinare blitt oppdatert, og utvalet har også invitert kommunale selskap.

I januar orienterte Vindafjord Tomteselskap AS. Landbrukets Hus Vindafjord AS deltok i møtet og orienterte i juni. I september orienterte kommunedirektøren om kommunen sine arbeidsmarknadsbedrifter. Ølen Næringspark AS orienterte om si drift i novembermøtet.

5. BUDSJETT/REKNESKAP – KONTROLLARBEIDET

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2022:

TENESTE 1100	REGNSKAP 2021	BUDSJETT 2022	REKNESKAP 2022
Godtgjersle og driftsutgifter	69 423	104 000	80 203
Revisjonstenester	612 530	901 000	921 671
Sekretariatstenester	212 000	220 000	220 000
Sum utgifter	893 953	1 225 000	1 221 874

Kontrollutvalet handsama hausten 2022 framlegg til totalbudsjett for tilsyn og kontroll for 2023. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 1 317 000.

For arbeidet i utvalet er det budsjettert med 100 100, til kjøp av sekretariatstenester 229 000 og kjøp av revisjonstenester (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) kr 987 900. Framlegget vart sendt over til kommunestyret for handsaming.

6. SEKRETARIAT

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytt opp mot kommunedirektør eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalssekretariat IKS kom i drift frå 2005.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tri revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Vestland og Agder.

Fast utvalssekretær har vore seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har egne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

For valperioden 2019 - 2023 er Solvår Langeland valt medlem i representantskapet med Mats Årvik som varamedlem. Årvik deltok som vara på representantskapsmøtet 25.04.22.

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2022 har vore som planlagt. Ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Digitalisering og IKT» har blitt utarbeida og presentert. Undersøkinga viste at kommunen har eit forbedringspotensiale.

Utvalet har handsaming oppfølging av fleire rapportar. Neste prosjekt er valt og vil omhandle Plan- og byggjesak.

Administrasjonen har elles gjort greie for kommunen sin økonomiske situasjon gjennom rekneskap og budsjett, samt orientert om andre aktuelle saker.

Ølen, 15. februar 2023

Anne T. S. Andersen
Leiar

Olaug Mari Øen

Knut S. Berge

Kjell Ove Leite

Eivind Hetland

VEDLEGG

OVERSIKTOVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

Saker til handsaming:

- 01/22 Godkjenning av protokoll frå møte 17.11.21
- 02/22 Referat- og orienteringssaker 26.01.22
- 03/22 Vindafjord Tomteselskap AS – orientering om selskapet
- 04/22 Plan for orienteringar frå administrasjonen og kommunale selskap
- 05/22 Tinging av revisjonsprosjekt – «Oppfølging av førespurnader til kommunen»
- 06/22 Revisor sine risiko- og vesentlegvurderingar – forenkla etterlevingskontroll
- 07/22 Kontrollutvalet sin årsplan 2022
- 08/22 Kontrollutvalet si årsmelding 2021

- 09/22 Godkjenning av protokoll frå møte 26.01.22
- 10/22 Referat- og orienteringssaker 04.05.22
